


Kunnskapsdepartementet

postboks 8119 Dep
0032 Oslo



Høyring: Forslag om ein felles database for vitenskapleg publisering - Norsk Vitenskapsindeks (NVI)

Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) viser til høyringsbrev av 12. desember 2008, og ynskjer å gje fylgjande kommentarar til NIFU STEP-rapport 33/2008:


- HSF ser positivt på at det vert planlagt ein felles database for vitenskapleg rapportering ved universitet og høgskular, institusjonar i instituttsektoren, helsesektoren og eventuelle andre som forskar på grunnlag av offentlege midlar.
- HSF ser positivt på at Norsk Vitenskapsindeks vert utvikla som ein database som kan gje eit fullgodt bilete av den samla forskingsinnsatsen i Noreg. Det er bra at databasen er tenkt transparent og open. Dette vil truleg fremme god forskning og samarbeid på tvers av institusjons- og sektorgrenser.
- HSF registrerer at Norsk Vitenskapsindeks skal byggje på Frida, men vil oppmode om å ta med gode funksjonar frå ForschDok i oppbygging av ein ny NVI. M.a. har samanhengen mellom BIBSYS Ask og ForschDok vore ein nyttig funksjon for oss som brukar ForschDok. Konvertering må ikkje finne stad før funksjonaliteten er på høgde med den i ForschDok.
- HSF ser det som viktig å ha eit brukargrensesnitt som er enkelt og sjølvforklarande. Sjølvregistrering frå forskarane bør liggje til grunn for rapportering.
- HSF ynskjer at NVI også skal gje høve til å registrere faglege publikasjonar og elles det som har formidlingsverdi innafor FOU-arbeid.
- HSF oppmodar departementet om å leggje fleire oppgåver under eit nytt forvaltningsorgan: BIBSYS (biblioteksystem), NVI (forskingsskjema), NORA (elektronisk publisering av vitenskapleg materiale), ev. andre. Vi ser det som viktig at desse funksjonane vert sett i samanheng og gjerne utviklar felles brukargrensesnitt, heller enn byggje opp under fragmentering og byråkratisering. Kva som er teneleg og rasjonelt for universitets- og høgskulesektoren, bør vera styrande for organiseringa.
- Vi føreslår at eit forvaltningsorgan med fleire nærskyldte oppgåver innafor informasjonstilgang, informasjonsdokumentasjon og informasjonsorganisering, vert lagt til Trondheim og NTNU. Eit slikt forvaltningsorgan bør også ha juridisk kompetanse og kunne fungere rådgjevande for institusjonane i opphavsrettslege spørsmål.

Vår dato
02.03.2009

Vår referanse
2009/247 - 1244/2009

- HSF ynskjer at den nye databasen skal bli statleg fullfinansiert, sekundært at kostnaden ikkje skal overskride den årlege ForskDok-avgifta.

Med vennleg helsing


Georg Arnestad
fou-direktør

Astrid Sandnes
bibliotekleiar

Kopi:
Astrid Sandnes